



Vår ref
12/1351-22 13456/13

Etat/ avd.
RÅ

Saksbeh
EH

Ark.
044

Dykkar ref.

Dato
25.07.2013

REGLEMENT FOR UTVAL FOR PLAN OG ØKONOMI/FORMANNSKAP

Vedteke i Voss kommunestyre 27. oktober 1994, sak 76.

Oppdatert etter vedtak i KST 20.06.13 sak 57/13.

I. Samansetjing og val

Utvalet skal ha 9 medlemmer inklusiv ordførar og varaordførar. Alle medlemene skal veljast av og mellom medlemene i kommunestyret, ordførar og varaordførar skal veljast av kommunestyret.

II. Sakleg arbeidsområde

Det saklege arbeidsområde for utval for plan og økonomi/formannskapet omfattar:

- Overordna planlegging
- Arealplanlegging
- Arealdisponering
- Budsjett/økonomiplan
- Bustadpolitikk

Formannskapet er såleis planutval etter plan- og bygningslova.

III. Dersom det er tvil om kor ei sak høyrar heime, treffer ordføraren avgjer om kva utval som skal ha saka.

IV. Avgjerdsrett

Utvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt saklege arbeidsområde med dei avgrensingar som er gjeve.

Utvalet er førsteinstans i klagesaker etter Plan- og bygningslova før saka eventuelt går til Fylkesmannen. Jfr. KST-vedtak 0045/98.

Utvalet kan gjere avgjer i saker som fell inn under punkt VI, når det ikkje er tid til å leggje saka fram for kommunestyret. Melding om vedtak skal snarast råd leggjast fram for kommunestyret.

V. Innstilling/tilråding

Utvalet har innstillingsrett i alle saker som fell innanfor det saklege arbeidsområde til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.

Utvalet vel sjølv mellom sine medlemmer ein saksordførar som legg saka fram for kommunestyret.

VI. Avgrensingar i avgjerdsretten:

- Saker som ved lov er lagd til kommunestyret eller andre organ å avgjere
- Saker som kommunestyret sjølv har bestemt skal avgjerast av det
- Saker som omfattar fleire utval
- Vesentlege saker og saker av prinsipiell betydning må vurderast i kvart høve
- Eige delegering etter budsjettreglement

VII. Klage

A) Mindretalsanke

Eit mindretal på minst 3 medlemmer kan bringe saka inn for kommunestyret i alle saker som ikkje gjeld einskildvedtak

B) Forvaltningsklage

Forvaltningsklage vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Saka kan klagast inn for særskilt klagenemnd.

VIII. Meldingar/rapport.

- Kommunestyret får tilsendt hovudutskrift av møteboka til utvalet.
- Utvalet legg elles fram rapporter som kommunestyret ber om.